



FYRESDAL KOMMUNE
Klokkarhamaren 6
3870 FYRESDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Olav Malkomsen, 33372349

Rår ifrå og vil vurdere påklaging - dispensasjon - Fyresdal 39/3 - fradeling av hyttetomt Bjåstøyl

Statsforvaltaren ved miljøavdelinga finn at det aktuelle tiltaket kjem i konflikt med nasjonale interesser knytt til viktige funksjonsområde for villrein. Vi rår ifrå at kommunen innvilgar dispensasjon, og vil vurdere påklaging av eit eventuelt positivt vedtak.

Vi viser til oversending frå Fyresdal kommune datert 07.01.2025.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon for fradeling av tomt med føremål å bygge ein fritidsbustad på eigedom med gbnr 39/3 i Fyresdal kommune. Kommunen opplyser at søknaden er ein vidareføring av dispensasjon gitt i 2007, då kommunen godkjente dispensasjonssøknad om fradeling av to hyttetomter, der den eine vart fråskilt og bygd i 2009, medan den andre ikkje vart realisert. Oversende søknad gjeld fradeling av tomta som ikkje vart realisert i 2009. Plassering og storleik av ny tomt er ikkje endeleg avklara eller vist i kart i oversendinga, men kommunen er innstilt på at tomta bør vere i nærleiken av tomta som vart frådelt i 2009 med tilhøyrande vegforbindelse.

Det er ingen reguleringsplan i området og i kommuneplanens arealdel er området avset til LNFR-område med omsynssone villrein (Våmur-Roan villreinområde). Tiltaket er avhengig av dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 frå arealføremålet LNFR i kommuneplanens arealdel. Tiltaket ligg innanfor Våmur-Roan villreinområde.

Rolla til miljøavdelinga

Fagavdelingane til Statsforvaltaren skal i medhald av plan- og bygningslova § 19-1 sjå til at dispensasjonar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, interessene til barn og unge og gravplassar. Omsynet til viktige funksjonsområde for villrein er eit av ansvarsområda til Statsforvaltaren si miljøavdeling.

For orden si skuld minner vi om at det er Statsforvaltarens justis- og verjemålsavdeling som handsamar eventuelle klagar på vedtaket til kommunen.



Vurderingane til miljøavdelinga

Nasjonale interesser og rettsleg grunnlag

Vi viser til naturmangfaldslova § 5 om varetaking av artar og deira økologiske funksjonsområde, og dessutan til §§ 8-12, jf. § 7. Her blir det mellom anna slått fast at utøving av offentleg mynde skal bygge på eit godt kunnskapsgrunnlag og føre-var-prinsippet, og at ein påverknad på eit økosystem skal vurderast ut frå samla belastning på økosystemet.

I Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*, er konflikt med viktige funksjonsområde for villrein trekt fram som ei nasjonal interesse som kan gi grunnlag for motsegn. Vi legg til grunn at det òg gjeld i dispensasjonssaker og ved klage på enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, jf. § 1-9 tredje ledd.

Tiltaket ligg i eit område som i kommuneplanens arealdel er avsett til LNFR-formål, der det ifølgje føresegn § 4 ikkje er høve til anna utbygging enn det som er knytt til stadbunden næring. Vi legg til grunn at tiltaket krev dispensasjon frå arealformålet, jf. plan- og bygningslova §§ 19-2 og 11-6. Vi viser også til føresegn § 6.4.1 i kommuneplanens arealdel om omsynssone villrein kor det kjem fram at villreininteressene skal vektleggast særskilt ved tiltak innanfor område.

I § 19-2 andre ledd heiter det at dispensasjon ikkje kan givast dersom omsyna bak føresegna det blir dispensert frå, omsyna i formålsføresegna i lova eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentleg tilsidesett. Fordelene ved å gi dispensasjon skal vere klart større enn ulemperne. Det er i utgangspunktet fordelar og ulemper for dei allmenne interessene som skal avvegast. Sosialmedisinske, personlege og menneskelege omsyn har normalt ikkje avgjerande vekt i dispensasjonssaker.

Kvalitetsnorm for villrein (Rangifer tarandus) vart fastsett ved kgl.res. 23. juni 2020. I artikkel 1 i kvalitetsnorma heiter det at «kvalitetsnormen er retningsgivende for myndighetenes forvaltning i alle saker som har betydning for villrein». Kvalitetsnorma fastset grenseverdiar for god, middels og dårleg kvalitet for leveområda til villreinen. Målet er at minimum middels kvalitet for kvart enkelt villreinområde blir halden oppe eller blir nådd snarast mogleg, og på lengre sikt er det også eit mål at dei nasjonale villreinområda skal ha god kvalitet, jf. artikkel 3.

I regjeringa si forventning nr. 58 i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027* heiter det at «villreinens leveområder sikres». I ny stortingsmelding Meld. St. 18 (2023-2024) *Ein forbetra tilstand for villrein* legg regjeringa opp til «ein høg terskel for nye inngrep i villreinområda», og seier det er «nødvendig med ei helskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet». Regjeringa har satt som mål at den negative utviklinga i villreinområda skal stoppes innan 2030. På lengre sikt skal kvalitetsmåla i kvalitetsnorma nåast.

Konkret vurdering av tiltaket

Miljøavdelinga vurderer det slik at tiltaket er i konflikt med dei nasjonale interessene vi er sett til å varetake, i denne saka omsynet til villreinen. Tiltaket vil kunne ha negativ påverknad på eit viktig funksjonsområde for villrein, jf. rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet*, punkt 3.6, ettersom tiltaket er planlagt innanfor villreinen sitt leveområde på Våmur-Roan.



Om situasjonen for villreinen

Villrein er registrert som sårbar på den globale raudlista, og som nær trua på den norske raudlista. Dei aller fleste bestandane av europeisk villrein lever i Noreg, og gjennom Bern-konvensjonen har Noreg ei plikt til å verne om villreinen, som ein nasjonal ansvarsart. Den norske villreinstammen er under sterkt press både frå sjukdom, klimaendringar og særleg frå menneskeleg utbygging og ferdsel. Den viktigaste føresetnaden for ei levedyktig villreinstamme er å halde oppe store nok leveområde med tilstrekkeleg kvalitet. Villreinen er svært var for forstyrringar frå menneske, og bruker areal i syklusar som varierer i løpet av året og mellom år. Bestanden treng derfor store areal for å vere levedyktig. Arealbruken til villreinen er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet som vegar, hyttebygging og ferdsel.

Kvalitetsnorma viser at berre eitt av Noregs villreinområde har god kvalitet - ein svært alvorleg situasjon. Våmur-Roan er ikkje klassifisera som eit nasjonalt villreinområde, og er vurdert til å ha middels kvalitet i kvalitetsnorma. Dette betyr likevel at det er krav til at tilstanden på Våmur-Roan ikkje forverrast, jf. måla i kvalitetsnorma. Villreinomsynet må vege svært tungt.

Klima- og miljødepartementet framhevar at «en av de største utfordringene [for villreinen] er bit-for-bit-nedbygging, hvor hvert enkelt inngrep isolert sett ikke har stor negativ påvirkning, men hvor den samlede belastningen over tid blir betydelig», jf. fråsegna deira av 26.03.2021 til sak om vesentlege innvendingar til *Regional plan for Hardangervidda 2019-2035*.

Vi viser også til stortingsmelding *Meld. St. 18 (2023-2024) Ein forbetra tilstand for villrein frå 2024* kor regjeringa blant anna legg opp til at det skal vere ein høg terskel for å tillate inngrep i villreinområde og at det er nødvendig med ein restriktiv arealforvaltning i villrein fjella.

Det omsøkte tiltaket

I denne saka er det søkt om dispensasjon for å dele ifrå tomt til ny fritidsbustad. Kommunen opplyser at søknaden er ein vidareføring av ein dispensasjon gitt i 2007. Vi legg likevel til grunn at eit vedtak for å tillate frådelling av tomt til fritidsføremål frå 2007 har utgått etter 3-årsregelen, jf. plan- og bygningslova 21-9, som også gjeld for dispensasjonar. Vi vurderer at tiltaket må vurderast på nytt ut ifrå nye forutsetningar og vesentlege innskjerpingar i gjeldande lovverk og føringar dei siste åra som nemnt i avsnitta over. Vi kan derfor ikkje sjå at vi kan vektlegge at det tidlegare er gitt dispensasjon og godkjenning av frådelling av tomt til fritidsbustad på eigedomen i denne saka.

Ein ny tomt med fritidsbustad vil etter vår vurdering kunne leggje til rette for auka menneskeleg aktivitet i området, noko som kan påverke villreinen negativt. Tiltaket vil vere eit bidrag til ein bit-for-bit-nedbygging av Våmur-Roan villreinområde. Samla vil mange slike tiltak kunne føre til betydeleg auka ferdsel og aktivitet i villreinområdet, med vesentlege forstyrringar av villreinen som resultat.

Kart over leveområda til villreinen i Naturbase, oppdatert i mai 2023, viser at det planlagde tiltaket ligg innanfor villreinens leveområde, og i område for sommar-, haust- og vinterbeite på Våmur-Roan. Her må det leggjast svært stor vekt på å vareta behovet til villreinen.

På bakgrunn av situasjonen for den norske villreinstammen, må alle tiltak i leveområda til villreinen vurderast strengt opp mot interessene til villreinen.

Vi viser også til naturmangfaldslova § 9 om føre-var-prinsippet og til § 10, som seier at ein påverknad av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Vi er ikkje einig i kommunens vurdering etter naturmangfaldslova om at føre var prinsippet ikkje kjem til anvending i dette tilfelle.



Til slutt minner vi om at kommunen berre kan gi dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 dersom fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene. Vi kan ikkje sjå at det er nokre relevante fordelar i denne saka som er større enn ulempene knytt til villreinomsynet.

Konklusjon

Miljøavdelinga finn at tiltaket kjem vesentleg i strid med nasjonale interesser knytt til viktige funksjonsområde for villrein, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd. Vi rår ifrå at kommunen innvilgar dispensasjon til omsøkt tiltak, og vil vurdere påklaging av eit eventuelt positivt vedtak.

Vi ber om kopi av vedtak i saka.

Med helsing

Grethe Helgås (e.f.)
direktør

Olav Malkomsen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

TELEMARK FYLKESKOMMUNE
ADMINISTRASJON
Villreinnemnda for
Setesdalsområdet

Telemark fylkeskommune Sentralt
fakturamottak Postboks 2844

3702 SKIEN